

Til:
Universitets- og høgskulerådet
Stortorvet 2
0155 OSLO
postmottak@uhr.no

9. november 2020
Oslo

Høyringsvar – Nasjonale retningslinjer for lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1-13

Norske Billedkunstnere (NBK) viser til e-post frå Universitets- og høgskulerådet av 15. oktober vedrørende høyring om forslag til nasjonale retningslinjer i lærarutdanning for praktiske og estetiske fag for 1–13.

Norske Billedkunstnere (NBK) er fagorganisasjonen for profesjonelle biletkunstnarar i Noreg. NBK sitt formål er å ivareta biletkunstnarane sine faglege, ideelle, økonomiske og sosiale rettar og interesser. Fordelt på 20 grunnorganisasjonar representerer NBK 3 000 profesjonelle kunstnarar frå det visuelle feltet. NBK er arrangør av Høstutstillinga, gir ut fagbladet Billedkunst og innstiller til statlege og andre stipend- og støtteordningar for biletkunstnarar.

NBK sine merknadar til høyringa har som formål å bidra til konstruktiv utvikling av lærarutdanningane og oppmoding om å gje rom for eigenart og institusjonelle særpreg, som Universitets- og høgskulerådet (UHR) ved UHR-Lærarutdanning óg har hatt for premiss til grunn for arbeidet med retningslinjene. Med bakgrunn i NBK sitt mandat, blir det først og fremst fokusert på kapittel 5. PRAKSIS og 6.2 DESIGN, KUNST OG HÅNDVERK.

Skulen er vår største kunstinstitusjon og den einaste institusjonen i samfunnet som *alle* barn og unge må gjennom. Som det står i opplæringslova § 1-1, skal skulen "*opne dører mot verda og framtida og gje elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring*". For at elevar skal få kulturell innsikt og forankring, *må* kunstfaga sin status styrkast – i læreplanverket, men også i nasjonale retningslinjene i lærarutdanning for praktiske og estetiske fag.

Som Kunnskapsdepartementet skriv i den nasjonale strategien for kvalitet og samarbeid i lærarutdanningane, *Lærarutdanning 2025*, finst det knapt noko som over tid har sterkare påverknad på kvaliteten i skuleverket enn lærarutdanningane. Lærarutdanningane bidrar

ikkje berre med fagkunnskap og pedagogiske metodar; dei formar dei norske lærarprofesjonane sitt grunnleggjande syn på læring og danning, og dermed kvaliteten på all aktivitet i skuleverket. Korleis utdanningsløpet for lærarstudentar i dei praktiske og estetiske faga blir lagt opp, kan dermed vere avgjerande for barn og unge sine møter med kunst og kultur i skuleverket.

Masterfaget – Design, kunst og handverk

På same måte som at kunstfaga må styrkast og løftast fram på lik linje med andre fag, må kunstdelen i faget kunst, design og handverk stå på lik linje med design- og handverksdelen. I nasjonale retningslinjer for lærarutdanningane bør dette kome til syne gjennom krav til profesjonsfagleg kompetanse som blir knytt tydelegare til faga. Vidare kan det med fordel tydeleggjerast korleis denne kompetansen bør bli utvikla.

Innhaldet i høyringa sitt kapittel 6.2 DESIGN KUNST OG HÅNDVERK framstår som godt, men bør ha tydelegare fokus på kunstdelen av faget. Handverksdelen står i dag som mest framtrudande, noko som dessverre også gjer seg gjeldande i LK20. Dette kjem særskilt til syne under *Overordna mål og egenart*. Avsnitta under *Design, kunst og handverk* (s. 34) er derimot godt formulert og dannar eit viktig fundament for kulepunkta under.

Praksis og samarbeid mellom utdanningssektoren og kunstfeltet

NBK ser positivt på at forslaget til retningslinjer opnar opp for høve for praksis også utanfor skuleverket. Eit slikt tilbod vil kunne styrke lærarstudentar sitt faglege utbytte, blant anna ved å gje ulike faglege perspektiv og tverrfagleg kompetanse.

Kapittel 5. PRAKSIS blir innleia med at delar av praksis kan vere annan opplæring og formidling knytt til fagleg og kulturelt arbeid med barn, unge og vaksne, til dømes i kulturskulen. Vi oppmodar om å legge til ei setning om at praksisstad også kan inkludere kunstinstitusjonar.

I den nasjonale strategien for kvalitet og samarbeid i lærarutdanningane, *Lærerutdanning 2025*, står det at «For å kunne gi lærerstudentene de beste forutsetninger for å tilegne seg profesjonell fagkompetanse, må lærerutdanningene selv ha høy og oppdatert kompetanse innen fag, pedagogikk, didaktikk og praksisopplæring» (s. 12). Nokre av institusjonane for lærarutdanning, til dømes OsloMet, legg i dag til rette for at praksisperiodar også kan gå føre seg på kunstinstitusjonar, med formidling til skuleklassar. Slike tilbod bør løftast fram i dei nasjonale retningslinjene. Ved å ha ein tettare dialog mellom utdanningssektoren og kunstfeltet, vil det vere lettare å både oppretthalde og initiere nye undervisningssamarbeid – også for elevane når lærarstudentane kjem ut i arbeidslivet.

NBK foreslår at følgende punkt blir tatt med vidare i arbeidet med nasjonale retningslinjer i lærarutdanning for praktiske og estetiske fag for 1-13:

- Styrke fokus på kunstdelen av den profesjonsfaglege kompetansen i masterfaget Design, kunst og handverk
- Rammene for oppbygging av mastergrada bør gje fleksible høve for tverrfaglege samarbeid med kunstfeltet (til dømes gjennom FoU-arbeid og praksis)
- Konkretisere alternative arena for praksis, som galleri, museum og andre kulturinstitusjonar

Venleg helsing



Ruben Steinum
Styreleiar
Norske Billedkunstnere